

Om karantenereglar for reisande til og i Giske

Helsedirektoratet har bestemt at alle som kjem reisande frå utlandet vert ilagt 14 dagar heimekarantene frå heimkomst-dato.

Unntatt frå karantenekravet er personar som er strengt nødvendige for å oppretthalde forsvarleg drift av kritiske samfunnsfunksjonar og dekke innbyggjarane sine grunnleggande behov, inkludert personar som står for vare- og passasjertransport.

Samfunnskritiske funksjonar gjeld dei med oppgåver innan bestemte sektorar og som får sitt oppdrag avklart med arbeidsgjevar: Styring og kriseleiing, forsvar, lov og orden, helse og omsorg, redningsteneste, IKT-sikkerheit, natur og miljø/ forureining, forsyning (drivstoff, mat), vatn og avløp, finanstenester, kraftforsyning, kommunikasjon, transport, satellittenester, apotekene. Desse skal så langt råd unngå nærkontakt med andre personar.

Kjem du frå Aust- eller Vestlandet?

For å unngå smittespreiing og import av smitte bestemte regionkommunane 16. mars at reisande til Giske, Ålesund og Sula frå fylka Oslo, Viken, Agder, Rogaland, Vestfold og Telemark, Innlandet og Vestland, vert ilagt heimekarantene i 14 dagar. Transittopphald på flyplass i desse områda vert ikkje medrekna.

Unntak frå dette karantenekravet er personar i samfunnskritiske funksjonar, sjå over.

Handheving av grensekrava i regionen

I praksis vil det bli gjeve dispensasjonar. Arbeidsgjevar kan melde til kommunelegen på epost: post@giske.kommune.no, merka «Melding om dispensasjon frå reisevedtak»:

Desse kan få dispensasjon:

- Dei som reiser igjennom kommunen eller fylket eller til bestemt opphaldsstad, for åleine eller få i lag, å utføre oppdrag og så reiser tilbake.
- Dei som også kjem til kommunen med båt og reiser til bestemt opphaldsstad.
- Nøkkelpersonell som vi er trygge på har tatt smitteverhensyn, t.d helsepersonell eller legar som vi er avhengige av å ha på plass.

Kva med næringslivet?

Reiseoperatørar: Desse kan reise inn/ut av regionen for kundeoppdrag. Føresetnaden er at desse reiser rett til kunden, og returnerar heim etter arbeid. Personen skal så langt som mogleg unngå nærkontakt med andre personar, og unntaket gjeld berre i jobbsamanhang i kontrollerte omgjevnader, og ikkje fritida.

Båtmannskap: mannskap som mønstrar av skal reise heim, og slepp karantene. Mannskap som mønstrar på kan reise transitt til båten. Mannskapet må halde seg ombord i arbeid og på frivakt utan nærkontakt med eksterne personar.

Lenker:

Regjeringa: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/regjeringen-kan-forby-opphold-pa-fritidseiendommer-og-fastsetter-tydelige-regler-for-karantene-og-isolasjon/id2693647/>

Næringslivsinfo: <https://www.ksbedrift.no/aktuelt/arbeidsgiverservice/rad-til-bedrifter-om-koronaviruset/?fbclid=IwAR2bDkmQx08LkBjmCjG5aQGoeTBa405y8wPnkjmNgL9FhQyMWqddqaielDjw>

Folkehelseinstituttet sine råd: <https://www.fhi.no/sv/smittsomme-sykdommer/corona/>

Giske kommune, vedtak: <https://www.giske.kommune.no/f/p1/i48aa5344-8335-4447-880f-77338d8aaa9d/16032020-vedtak-om-begrensing-i-innreise-til-giske-kommunedocx.pdf>

Giske kommune – råd om koronavirus: <https://www.giske.kommune.no/koronavirus/>

Kommentar til vedtak om avgrensing av innreise til Ålesundsregionen:

<https://alesund.kommune.no/aktuelt/siste-nytt/vedtak-om-avgrensing-av-innreise-til-alesund-sula-og-giske.6782.aspx>